

**Forslag til forskrift for nedgravde oljetankar, Surnadal kommune.
11.09.2019**

§ 1. Virkeområde, jf. sentral forureiningsforskrift § 1-2

Sentral forureiningsforskrift om nedgravde oljetankar (kap. 1) gjeld for alle nedgravde tankar uavhengig av størrelse i heile kommunen. I tillegg gjeld reglane i denne forskrifta.

§ 2. Definisjonar, jf. sentral forureiningsforskrift § 1-3

I tillegg til forureiningsforskrifta § 1-3 2. ledd gjeld følgjande presisering av «nedgravd»: Tankar som er delvis nedgravd, eller ligg direkte på bakken slik at botnen ikkje er tilgjengeleg for inspeksjon, reknast som nedgravd.

Nedgravd røropplegg knytt til tanken reknast som ein del av tanken.

§ 3. Særlege reglar, jf. sentral forureiningsforskrift § 1-12

3-1. Flaum og høg grunnvasstand

Alle tankar i flaumutsatte område skal forankrast. I øvrige område med varierende eller høgt grunnvassnivå, skal det gjennomførast tilstrekkeleg forankring.

3-2. Større tankar

Det stilles særskilte krav ved plassering av tankar som er større enn 3 m³. Sjå 3-4.

3-3. Nærheit til vassdrag

Det blir stilt særskilte krav ved plassering av alle tankar nærmere enn 100 meter frå alle vassdrag og bekkar med sikker årlag vassføring. Sjå 3-4.

3-4. Særskilte krav

For større tankar over 3 m³ og tankar i nærheita til vassdrag blir det stilt følgjande krav: Enkeltbotna tank er ikkje tillatt. Det må enten nyttast dobbeltvegga tank med tilhøyrande overvakning, eller overgrunnstankar som skal godkjennast av kommunen. Alle tankar skal ha overfyllingsvern.

3-5. Særleg utsette område

Kommunen kan i særlege utsette områder vedta strengare reglar enn fastsett ovanfor. Dette vurderast i kvart enkelt tilfelle.

§ 4. Periodiske tilstandskontrollar, jf. sentral forureiningsforskrift § 1-6

Det skal utførast tilstandskontroll på alle tankar jfr. sentral forskrift § 1-6.

Dokumentasjon på tilstandskontroll skal sendast til ansvarleg brann- og redningsvesenet i kommunen.

§ 5. Nedgravde oljetankar som ikkje er i bruk, jf. sentral forureiningsforskrift § 1-8

Alle nedgravde oljetankar som ikkje er i bruk skal behandlast i tråd med sentral forskrift § 1-8.

For nedgravde oljetankar som er tatt permanent ut av bruk, og som ligg slik til at dei er vanskeleg å fjerne, kan eigar/brukar søke kommunen om å reingjere desse, og at dei blir fylt med sand, grus o.l. i staden for oppgraving. Kommunen krev dokumentasjon frå kvalifisert firma som har utført arbeidet både skriftleg og med billedmateriale.

§§

§ 6. *I*kraftsetting

Forskrifta blir sett i kraft straks.